



Nissedal kommune

Eining for skule

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
«REF»	2018/959-14	Reidun Carol Retterholt,35048482 reidun.retterholt@nissedal.kommune.no	033	27.03.2019

Referat frå møte i SU 18.03.19

Desse møtte: Reidun C Retterholt, Bjarne Reime, Hildegunn Rønningen, Marit Madsen, Carina Olsen, Homme, Frida Brekke og Bjørn Leirvik.
Forfall: Ragnar Aarak og Lars Brynjulf Nordbø

1. Uttale til skulerute for neste skuleår (sjå vedlegg)
Reidun meiner at 13.09, 03.01 eller 22.05. kan vere aktuelle avspaseringsdagar. Ingen andre framlegg til datoar. På vegne av FAU gjer Hildegunn framlegg om lik avspaseringsdag i kommunen som første prioritet. Dei kan vidare tenkje seg 22.05, inneklemt fredag etter Kr. Himmelfartsdag. Og ho vil gjerne ha ei skriftleg grunngjeving til FAU om alternativet ein landar på. Bjørn har motteke eit innspel på 22.05. Med 7 mot 2 røyster seier SU nei til Dyrskufredag som avspaseringsdag. Anførte argument er eitt fagleg, dårleg dag med omsyn til at skuleåret så vidt er kome i gang og eitt sosialt, gratisprinsippet, skulen skal ikkje utøve økonomisk press for å delta på Dyrskun. Mindretalet peikar på at nokre elevar reiser på Dyrskun uansett, og at deltaking på Dyrskufredagen ser ut til å vere ein sterkare tradisjon i grendene enn i sentrum. Vidare vart det røysta over framlegg om lik avspaseringsdag for dei to skulane: 5 stemmer imot og 4 for.
Siste avrøysting i saka: Prioritering av dato: 9 røyster for 23.05, berre denne datoen fekk røyster.
(NB! FAU-rep og elevrådsrep hadde 2 stemmer kvar, grunna forfall.)
2. Uttale før revidering av ordensreglement (sjå vedlegg)
FAU-representant presiserer kor viktig det er med like sanksjonar om brota skulle vere dei same. Reidun etterspør konkrete døme på det motsette, ho presiserer tydeleg at skulen sjølvsagt vil arbeider for like sanksjonar.
3. Endringar i FAU – ny leiar og nestleiar ut skuleåret.
Saka er gjort greie for i innleiinga til møtet.
4. IKT-satsing status.
Vi følgjer progresjonen som er sendt skriftleg til politikarane.
Opplæringsveke for alle assistentar og lærarar.
Læringsbrett til elevane fre. 29.03

Reidun og Marit vil bistå etter behov laurdag 30.03 kl. 10.00-14.00, biblioteket er ope viss nokre treng nettilgang.

5. Eventuelt

Nasjonale prøver 5. trinn. Vedlegg delt ut i møtet.

Reidun er ikkje nøgd med resultatet, rekning er best, resultat som i Telemark fylke, elles under fylkessnitt og landssnitt. Kyrkjebygda ligg markant over Tveit.

Reidun fortel at engelsk stadig har vore største utfordring. Lokal auke i timetalet for engelsk i småskulen er vurdert. Elles har ho drøfta fritakskriterier med PPT, mykje taler for at fleire elevar enn tidlegare vil få tilbod om fritak, PPT støttar det.

Hildegunn har set på referat frå lagmøta i dei tre laga. Ho spør kva skuleleiinga gjer med dei ulike framlegga til forbetringar. Frå representantar kjem det ulike framlegg som -meir målretta satsing på vidareutdanning, kanskje er direkte oppmoding og støtte til einskildlærarar vegen å gå.

- Meir satsing på TPO

- Utnytte alt handlingsrom for auke av timetal i basisfaga, tøyse sentrale timetalsreguleringar etter «svensk modell»

- Vurdere å redusere timetal/klassesteg for utedag i småskulen

Møtet heva 18.45

Bjørn Leirvik, referent

Med helsing

Reidun Carol Retterholt
Rektor Tveit skule/Nissedal ungdomsskule

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.